



# Tertial 2/2019

## Innhald

Økonomi pr 1.tertial 2019 <sup>[OBJ]</sup> .....	2
Sentrale postar - Frie inntekter og netto finansinntekter/utgifter <sup>[OBJ]</sup> .....	2
Drift tenestoområda <sup>[OBJ]</sup> .....	3
Investeringar – status <sup>[OBJ]</sup> .....	5
Organisasjon <sup>[OBJ]</sup> .....	6
Vedlegg 1: Nærare om tenestoområde og einingar <sup>[OBJ]</sup> .....	9
Tenestoområde Oppvekst <sup>[OBJ]</sup> .....	9
Tenestoområde helse og omsorg <sup>[OBJ]</sup> .....	12
Tenestoområde Samfunnsutvikling <sup>[OBJ]</sup> .....	15
Felles økonomi <sup>[OBJ]</sup> .....	17
Vedlegg 2. Saker til Kommunestyre pr. 1.tertial <sup>[OBJ]</sup> .....	18
Vedlegg 3. Andre vedlegg <sup>[OBJ]</sup> .....	20

## Økonomi pr 2.tertial 2019

### Sentrale poster - Frie inntekter og netto finansinntekter/utgifter

Sentrale poster	Regnskap pr 2 tertial 2019	Budsjett pr 2 tertial 2019	Avvik pr 2 tertial 2019	Regnskap pr 2 tertial 2018	Årsbudsjett 2019
Andre overføringer	0		0		
Annet sal	- 280	-	280	- 44 320	
Avdrag	179 598	92 000	- 87 598	10 682 165	23 000 000
Avsetjing til fond/overføring til kapitalrekneskap	4 590 645	4 590 645	-	6 684 955	15 591 000
Bruk av fond	- 4 690 645	- 4 690 645	-	- 8 384 955	- 8 366 000
Diverse	21 175	-	- 21 175	91 602	
Eiendomsskatt	- 25 588 353	- 22 725 000	2 863 353	- 25 467 569	- 30 300 000
Gevinst aksjer og obligasjoner	- 1 966 341	- 666 664	1 299 677	- 2 205 882	- 1 000 000
Ikke sentrale poster	89 419	-	- 89 419	-	
Konsesjonsavgift	-	-	-	-	-
Konsesjonskraft	- 10 923 251	- 9 000 000	1 923 251	- 5 335 131	- 13 500 000
Overføring til andre	110 000	-	- 110 000	605 410	
Rammetilskudd	- 104 036 156	- 103 488 042	548 114	- 98 742 458	- 157 038 000
Renter	4 516 948	6 916 664	2 399 716	3 343 026	10 375 000
Skatt	- 74 012 244	- 73 974 800	37 444	- 71 947 064	- 106 900 000
Utbytte og renteinntekter	- 3 959 845	- 2 480 000	1 479 845	- 2 939 256	- 2 720 000
<b>Grand Total</b>	<b>- 215 669 330</b>	<b>- 205 425 842</b>	<b>10 243 488</b>	<b>- 193 659 477</b>	<b>- 270 858 000</b>

Sentrale poster viser pr 31.8 ei meirinntekt på 10,2 mill. Auka kapitalkostnader som følgje av renteoppgang kan redusere dette i tida framover. Renta har auka i året som har gått, og ved ein refinansiering gjort i haust auke renta på lånet med 0,6 prosentpoent. Regjeringa skriv i revidert nasjonalbudsjett før sommaren at «Regjeringa har klare forventningar til at det også i kommunesektoren arbeides kontinuerlig med å forenkle, fornye og forbedre tenestene». Det kan ikkje ventast auke i dei frie inntektene framover.

#### Skatt og rammetilskot

Den sterke skatteveksten dei siste åra avtar. Vaksdal Kommune hadde ei auke i skatteinntekter frå 2017 til 2018, men det er ikkje venta at den vil fortsette i 2019. Dette er tatt høgde for i budsjettet for 2019 og etter 2 tertial er skatteinntektane på budsjetttert sum. Inntektsutjevninga i rammetilskotet kan verte redusert som følgje av redusert skatteauke nasjonalt. Vaksdal kommune har ein skatteinngang som ligg på ca 84% av landssnittet.

Vi legg førebels til grunn at skatteinngangen vert stabil framover og at det ikkje vil vere store avvik i forhold til budsjett i 2019, men det er usikkert korleis nasjonale forhold som lønnsvekst og skatt vil slå ut. Rammetilskotet er pr 31.8 marginalt betre enn budsjetttert. Inntektsutjamninga som følgje av endra skatteinngang kan endra på dette men det ser vi først i januar/februar 2020.

#### Eigedomsskatt

Etter utskrivning av eigedomsskatten for 2019 viser prognosen ei meirinntekt i høve budsjett. Arbeidet med ny alminneleg taksering er i gang og skal dekkast innafor inntektene frå eigedomsskatt. Kostnadane er ikkje ført pr 2. tertial. Alle kostnader med arbeidet er så langt ikkje klarlagt og dette er kostnader knytt til personell, utstyr og IKT.

#### Renteinntekt/Utbytte

Renteinntekt/utbytte viser ei meirinntekt for 2 tertial. Utbytte frå BKK vart over budsjett og auka rentenivå gjer også utslag i auka renteinntekter.

Aksjar og obligasjonar

Pr 2.tertial er det ein positiv avkastning på portefølgjen men avkastninga ligg noko under benchmark. Det er spesielt aksjane som ligg under benchmark. Det vart i budsjetthandsaminga lagt inn 1 million i budsjett og feltet viser ein meirinntekt i høve budsjett etter 2 tertial. I 2018 fall marknaden i årets siste månader og starten av 2019 kan vere ei justering av dette. Så langt i året har både aksjar og obligasjonar gitt nokonlunde same avkastning. Meir detaljar finn ein i vedlagte rapport frå BCM.

Renter og avdrag

Pga lågt rentenivå har kommunen tatt opp lån til lågare rente enn budsjettrenta. Men dette endrar seg og Norges Bank har auka styringsrenta 3 gonger i 2019. Det er ikkje forventa at renta vil auke like hyppig framover men vi må forvente at renta likevel vil auke noko. Ved refinansiering har vi sett at vi får høgare rente og ein renteauke vil begrense handlingsrommet i takt med auka lånegjeld. Avdrag er ført i tråd med budsjett pr 2 tertial og vil auke til budsjettert nivå ved årets slutt. Dette vert kontrollert mot minimumsavdrag pr 31.12.

OFFENTLIGGJØRING	STYRINGSRENTE
19.09.2019	1,50
15.08.2019	1,25
20.06.2019	1,25
09.05.2019	1,00
21.03.2019	1,00
24.01.2019	0,75

Oppsummert frie inntekter og netto finansinntekter / utgifter

Skatt og rammetilskot er pr 2 tertial i samsvar med budsjett. Inntektsutjamninga kan påvirke dette og er avhengig av nasjonal skatteinngang. Denne er derfor noko vanskeleg å prognostisere i budsjettet og lav nasjonal vekst kan gje redusert inntektsutjamning i rammetilskotet. Eigedomsskatten er venta å verta litt høgare enn budsjett, men vil jamne seg ut når kostnadane med taksering er ført. Inntektene frå konsesjonskraft er selt til avtalt pris mens utgiftene førebels er noko lågare enn budsjettert sum. Gevinst aksjar og obligasjonar er budsjettert med inntekt på 1 million, og vil, slik det ser ut pr 2 tertial, gje ein slik inntekt i budsjettåret.

## Drift tenesteområda

Tabellen under viser resultat pr 2.tertial og viser omlag 10 mill.

Tenesteområde	Rekneskap 2 tertil 2019	Budsjett 2 tertil 2019	Avvik pr 2 tertil 2019	Årsbudsjett 2019	Rekneskap 2 tertial 2018
Fellesområde Økonomi	21 127 167	21 743 831	616 664	22 240 000	20 797 123
Tenesteområde Helse og omsorg	89 333 920	82 320 129	-7 013 791	115 978 000	89 526 391
Tenesteområde oppvekst	61 415 612	58 891 340	-2 524 272	90 270 000	58 294 252
Tenesteområde Samfunnsutvikling	28 631 288	27 373 664	-1 257 624	42 370 000	27 320 989
<b>Totalsum</b>	<b>200 507 987</b>	<b>190 328 964</b>	<b>-10 179 023</b>	<b>270 858 000</b>	<b>195 938 755</b>

Rekneskapstala viser forbruk pr 2 tertial. Heile organisasjonen gjennomfører tiltak for å balansere drifta. Tiltak for å nå budsjettbalanse vil pågå gjennom heile året og det er grunn til vente balanse på dei fleste område. Det vert ikkje gjort framlegg om budsjettjustering pr. 2 tertial.

Oppvekst

Oppvekst har ei samla budsjetttramme vel 90 mill. Pr 2. tertial er det eit estimert avvik på ca 2,5 mill innafor tenesteområdet. Det er framleis uvisse knytt til diverse inntekter og utgifter men det er venta at tenesteområdet vil levere eit rekneskap i balanse ved årets slutt. Avvik innafor barnehage skuldast i hovudsak høg drift og det vil være eit negativt avvik på denne tenesta ved årsslutt. VIS bidreg positivt og det er tilskot og fond som vert ført ved årsslutt. Betaling for born i andre kommunar har vi begrensa moglegheit til å stipulere. Skule har eit overforbruk og dette skuldast i hovudsak høge vikarutgifter.

Helse og omsorg

Helse og omsorg har ei samla budsjetttramme på om lag 115,9 mill i 2019 mens rekneskapen for 2018 viste eit forbruk på nærare 121 mill. Tenestene er inne i ein periode med tilpassingar og endringar for å tilpasse drifta til ramma. Pr 2.tertial er det eit rekneskapsmessig avvik på 7 mill innafør tenesteområdet. Meirforbruket er knytt til personellkostnader i ulike deler av drifta. Tiltak for å redusere vikarbruk er sett i verk.

Kommunen har fått forskings-, innovasjons- og kompetansemidler til aktiviteter i Lev Vel prosjektet. Tilskota dekkjer aktivitetane i prosjektet og eininga sine kostnader med prosjekt- og utviklingsarbeidet, t.d vikarkostnader når fast tilsette deltek i prosjekt eller kompetansehevande tiltak.

Samfunnsutvikling

Samfunnsutvikling har ei budsjetttramme på om lag 42,4 mill. Avviket pr 2. tertial er periodiseringsavvik. Det er venta balanse ved årsslutt.

Felles økonomi

Felles økonomi er sentraliserte oppgåver/fellesskostnader og diverse tilskot (mellom anna Kyrkjeleg Fellesråd og Frivilligsentral). Det er venta balanse ved årsslutt.

## Totaloversikt og prognose pr 2. Tertial 2019

Tenesteområde	Rekneskap 2 ▼ tertial 2019	Budsjett 2 tertial 2019	Avvik pr 2 tertial 2019	Årsbudsjett 2019	Rekneskap 2 tertial 2018
Fellesområde Økonomi	21 127 167	21 743 831	616 664	22 240 000	20 797 123
Sentraltøkonomi	- 215 669 330	- 205 425 842	10 243 488	-270 858 000	- 193 659 477
Tenesteområde Helse og omsorg	89 333 920	82 320 129	- 7 013 791	115 978 000	89 526 391
Tenesteområde oppvekst	61 415 612	58 891 340	- 2 524 272	90 270 000	58 294 252
Tenesteområde Samfunnsutvikling	28 631 288	27 373 664	- 1 257 624	42 370 000	27 320 989
<b>Totalsum</b>	<b>- 15 161 343</b>	<b>- 15 096 878</b>	<b>64 465</b>	<b>-</b>	<b>2 279 278</b>

Totaloversikten for rekneskapen pr 2. tertial viser eit resultat i balanse. Avvika innan tenestene er framleis høge og heile organisasjonen jobbar kontinuerlig med å redusere kostnader og effektivisere drifta.

Dei største utfordringane er knytt til omstilling innafør Helse og omsorg. Å heile tida tilpasse tenestene til reduserte rammer er krevjande. Handlingsrommet i dei nærmaste åra må nyttast til å gjere nødvendige endringar for å møte utfordringane med ein større del eldre fram mot 2030. Det er ei krevande, men nødvendig tilpassing når inntektsgrunnlaget vert stadig strammare jf. økonomiplanen. Betre dimensjonering av tenestene på ulike omsorgsnivå vil gje reduserte kostnader.

Det er venta positivt premieavvik på fellesordninga i KLP utover det som er dekkja av premiefondet. Premieavviket skal avskrivast dei neste sju åra og vert jf budsjett 2019 dekkja av amortiseringsfondet.

Det vert ikkje lagt opp ti budsjettjusteringar i 2.tertial. Det er venta at kommunen vil levere eit rekneskap i balanse ved årsslutt.

## Investeringar – status pr 31.08.2019

KAPITALBUDSJETT	Rekneskap 2 terial	Budsjett 2019	Kommentar
<b>INVESTERINGSUTGIFTER</b>			
<b>FELLES ØKONOMI - SENTRALT BUDSJETTERT</b>			
Ikt- og datasikkerhetsløsning	963 038	1 200 000	Pågår
<b>Kyrkja - investering</b>			
Kyrkja - investering ikkje disponert	200 000	200 000	Overført VKF 2018-2019
Kyrkja - gravplass på Dale			
Kyrkje - Dale kyrkje		1 900 000	I regi VKF, midlar overført
<b>HELSE OG OMSORG</b>			
Prosjekt Demenssenter/helsehus			2018-2021
Prosjekt: Innovasjon i omsorg		300 000	Pågår, føres ved årsslutt
<b>OPPVEKST</b>			
<b>Investeringar bygg for oppvekst</b>			
Dale barne- og ungdomskule	92 845 252	169 100 000	Framdrift ihht plan
Tilbygg Vaksdal skule	489 043	5 000 000	Planlegging pågår
<b>Opprusting uteområde skular/barnehagar</b>		200 000	
<b>SAMFUNNSUVIKLING</b>			
<b>Investeringar kommunale bygg</b>			
Ombygging Heradshuset (1-3 etg)	6 702 135	2 700 000	2018/2019
Enøk-tiltak kommunale bygg		2 000 000	2018-2020
Kommunale bygg, ikkje disponert	2 098 341	3 650 000	pågår
<b>Møteplassar / grøntanlegg / nærmiljø / trafikkisikring</b>			
Andre møteplassar / grøntanlegg / nærmiljø		300 000	pågår
Trafikkisikringstiltak	86 043	200 000	Pågåande prosjekt
Kollektivterminal Dale	677 462	1 000 000	2019/2020
<b>Samferdsel og rastiltak</b>			
Oppgradering kommunale vegar	35 267	700 000	pågår
Teknisk stasjon maskin/utstyr	927 488	1 050 000	pågår
Prosjekt rassikring:		200 000	pågår
<b>Plan og geodata</b>			
Digitale kartverk/arkiv		300 000	faktura ved årsslutt
Planarbeid utvikling av stasjonsbyene	1 106 398	1 900 000	pågår
<b>Sentralidrettsanlegg</b>			
Planlegging/prosjektering sentralidrettsanlegg Geitabakken	12 756	500 000	2019
<b>Vassforsyning, sjølvkost</b>			
Kommunale vassverk	1 402 835	1 500 000	Løpande
Nytt vassverk	24 450 570	20 000 000	2016/2020
<b>Avlaup, sjølvkost</b>			
Avløp (kloakk)	1 342 835	1 500 000	løpande
<b>SUM INVESTERINGAR</b>	<b>133 339 463</b>	<b>215 400 000</b>	

## Organisasjon

Kommuneorganisasjonen er den største arbeidsplassen i Vaksdal. Om lag 430 personar fordelt på om lag 320 årsverk inkludert vikarar har kommunen som arbeidsgjevar. Menneska som arbeider her er vår viktigaste ressurs. Mange fagprofesjonar og yrkesgrupper er representert for å løyse kommunen sitt mangfald av oppgåver. En hensiktsmessig organisering, effektive arbeidsprosessar og god ressursbruk skal sikre at innbyggjarane mottar tenester av rett kvalitet og til rett tid, og at organisasjonens ressursar vert nytta på ein effektiv måte og innafor vedtatte økonomiske rammer.

Kommunesektoren skal møte framtidens behov og endringane som skjer i samfunnet. Dette krev ein nyskapande og endringsdyktig organisasjon med gjennomføringskraft til å utvikle tenester og arbeidsformer. For å lukkast er det avgjerande å ha motiverte og engasjerte medarbeidarar med riktig kompetanse.

Vårt overordna mål for arbeidsgjevarpolitikken er definert som

- Vaksdal kommune er ein attraktiv arbeidsgjevar
- Vaksdal kommune er ein nyskapande, dynamisk og lærande organisasjon



Det er utarbeida mål og strategiar for følgjande innsatsområder i arbeidsgjevarpolitikken:

- Etikk og samfunnsansvar
- Medarbeidarskap og leiing
- Samarbeid og arbeidsmiljø
- Innovasjon og utvikling
- Kompetente medarbeidarar
- Mangfald og likeverd

Arbeidsgjevarpolitikken er under revidering. Revisjon av tilhøyrande planar og ev reglement vert lagt inn som tiltak under desse overordna mål.

### Etikk og samfunnsansvar

Kommunen skal vera ein open og solid organisasjon med høg etisk standard. Etske retningslinjer er nedfelt i arbeidsgjevarstrategien. Etikk og etisk refleksjon inngår i det systematiske arbeidet med kvalitetsutvikling i organisasjonen. Kommunen er med i Trasparency Int. og nyttar deira verktøy mellom anna i verksemdsstyringa og arbeidet med internkontroll. Rådmannens årlege gjennomgang av internkontrollen er gjennomført.

### Medarbeidarskap og leiing

Kommunen arbeider systematisk for å styrke leiarskap og medarbeidarskap, auke involvering og deltaking og utvikle kompetanse og mestring. Vi nyttar KS sitt utviklingsprogram og verktøy som er basert på nyare forskning (10-faktor). Annakvart år vert det gjennomført ei medarbeidarundersøking. Det er gjennomført medarbeidarundersøking i mars/april i år, basert på denne utarbeidar dei lokale arbeidsmiljøgruppene ein handlingsplan for oppfylging av undersøkinga. Leiarprogrammet (Torsdagsprogrammet) har hatt fem samlingar pr 2.tertial, herav ei samling saman med tillitsvalde og verneombod..

### Samarbeid og arbeidsmiljø

Alle organisasjonar er i stadig endring. Endringstakten i samfunnet aukar og stiller nye krav til oss. Det skal gjennomførast tilpassingar til reduserte budsjettammer og effektivisering av tenestetilbodet i alle einingar og på alle nivå. Gode system og rutinar og eit formalisert og godt samarbeid med arbeidstakarorganisasjonen er viktige verktøy for å sikre at prosessane blir gjennomførde på ein god og korrekt måte. *“Arbeidstakere, tillitsvalgte og arbeidsgiver har rett og plikt til å gjøre sitt beste for å*

*skape et godt samarbeid i hele kommunen og på den enkelte arbeidsplass*” frå Hovudavtalen.

Alle einingar har lokale arbeidsmiljøgrupper som er sett saman av verneombod, plasstillitsvald(e) og leiar(ar). Dei utarbeider lokale handlingsplaner, planlegg og gjennomfører ulike tiltak på arbeidsplassane. Det har vore ein felles arbeidsverkstad for arbeidsmiljøgruppene i 1.tertial.

#### Innovasjon og utvikling

Innovasjon og utviklingsarbeid har høg prioritet. Gjennom Lev Vel i Vaksdal-prosjektet er det gjennomført eit omfattande kompetanse-, innovasjon og utviklingsarbeid innafor helse og omsorg. Store deler av organisasjonen har vore involvert i aktiviteter og tiltak, kommunen samarbeider også aktivt med ulike FoU miljø og andre kommunar. Fleire prosjekt har fått mykje merksemd, no seinast kommunen sitt innovasjonsarbeid i EU-prosjektet DISH (Digital Innovation & Skill Helix in Health). Her skal helse og omsorg teste og utvikle modeller for å fremme digital kompetanse for helsepersonell.

Oppvekst har hatt eit gjennomgåande utviklingsarbeid gjennom regionsamarbeidet over fleire år. Både barnehage, skule og PPT er involvert. Skule har vore med i Udir sitt 2-årige program som vart avslutta i vår. Barnehage er i gang med eit større kompetanse- og utviklingsprogram Andre deler av organisasjonen driv også med innovasjon og utviklingsarbeid, om enn i noko mindre skala.

#### Kompetente medarbeidarar

Rett kompetanse vert stadig viktigare i arbeidslivet. I eit kunnskapssamfunn som vårt er arbeidsoppgåvene meir spesialiserte. Kravet til formell kompetanse aukar i alle sektorar. Vaksdal har over mange år satsa på fagopplæring lokalt, til dømes desentralisert sjukepleiutdanning og fagopplæring/fagbrev for tilsette. Kommunen er lærebedrift og har løpande inntak av lærlingar og lærekandidatar/praksiskandidatar. I alle delar av drifta pågår det løpande tiltak for å halde vedlike og vidareutvikle kompetanse hjå medarbeidarane jf kompetanseplanar. Kommunen har som hovudmål å vera ein attraktiv arbeidsgjevar. Rekruttering av kompetente medarbeidarar skisserer KS som kommunesektoren sin største utfordring framover. Auka konkurranse merkast også hjå oss, særleg til stillingar med krav om høgskule/universitets-utdanning. I første tertial har vi til dømes ikkje lukkast med å få rekruttert prosjektleiar og ingeniør innan samfunnsutvikling.

#### Mangfald og likeverd

Vaksdal kommune skal arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og hindre diskriminering. Organisasjonen skal vera prega av openheit, inkludering og mangfald – utan diskriminering på grunnlag av etnisitet, livssyn, kjønn, funksjonsevne, alder eller seksuell orientering. Kommunen ønsker å rekruttere personer med innvandrerbakgrunn og fleire har fått arbeid i kommunen dei siste åra. Kommunen har også mange i ulike typar praksis. Kommunesektoren er kvinnedominert. Pr. 31.12.2018 var andel kvinner i Vaksdal kommune 77 % og menn 23 %. Det er ynskjeleg å rekruttere fleire menn i oppvekst og helse og omsorg og få ein betre kjønnsbalanse samla. Heiltidskultur med faste heile stillingar er eit mål. Det vert mellom anna arbeidd med alternative arbeidstidsordningar som legg betre tilrette for heile stillingar i helse og omsorg.

## Utvikling sjukefråver

Høgt sjukefråver er ei av hovudutfordringane for kommunane samla sett. Sjukefråveret er redusert litt i kommunesektoren ifylgje tal frå KS. For kommunane samla er sjukefråveret 9,8% og det er høgast fråver i barnehage og helse og omsorg. I 2018 var sjukefråveret i Vaksdal 8,2% mot 8,5% førre år. Særleg helse og omsorg har stabilisert seg på eit lågare nivå dei siste to åra. I dei fire første månadane i år er det samla fråveret om lag som i fjor. Det er særleg fokus på barnehage og utviklinga der.

Tal pr 2 kvartal 2019 samanlikna med 2018

Eining	1/18	1/19	2/18	2/19	3/18	4/18	Måltal
Barnehage	14,5	<b>15,6</b>	12,6	<b>13,6</b>	9,3	19,4	8
Skule	9,4	<b>4,4</b>	5,7	<b>5</b>	3,5	3,3	5
Samfunnsutvikling	11	<b>9,3</b>	7,8	<b>1,9</b>	6,5	9,9	7
Helse og omsorg	9,6	<b>12,1</b>	12,9	<b>9,4</b>	8,2	11,7	9,5
Rådmann, stab, NAV mfl	7,0	<b>3,1</b>	1,6	<b>2,8</b>	2,3	0,8	2,5
<b>Kommunen samla</b>	8,9	<b>8,9</b>	8,1	<b>6,5</b>	6,0	9	7



## Vedlegg 1: Nærare om tenesteområde og einingar

### Tenesteområde Oppvekst

Tenesteområdet oppvekst er frå 1. januar 2019 tenestene skule, barnehage, Vaksdal introjenter, NAV, Vaksdal frivilligsentral, barnevernet, PPT og helsestasjonen.

Eining t	Rekneskap 2	Budsjett 2	Avvik pr 2	Årsbudsjett 2019	Rekneskap 2
	tertia 2019	tertia 2019	tertia 2019		tertia 2018
Barnehage og VIS	15 865 195	16 317 139	451 944	23 359 000	22 669 361
Felleskostnader	4 911 034	4 231 584	-679 450	6 356 000	6 903 834
Skule	40 639 383	38 342 617	-2 296 766	60 555 000	59 127 006
<b>Totalsum</b>	<b>61 415 612</b>	<b>58 891 340</b>	<b>-2 524 272</b>	<b>90 270 000</b>	<b>88 700 201</b>

Oppvekst har meirforbruk etter 2. tertial. Samla er det eit negativt avvik på 2,5 mill. kroner. Oppvekst styrer likevel mot balanse ved årsslutt, då det ulike tilskot og refusjonar ikkje er ført pr. 2. tertial. Under skule og barnehage vert dette utdjupa. Økonomisk sosialhjelp har høgare utbetalingar enn budsjettet pr tertial. Likevel ser vi framleis ein nedgang i utbetalingane samalikna med i fjor. Grunnskuleopplæring for vaksne og auke i personar som er i arbeidstiltak har ført til lågare utbetaling av økonomisk sosialhjelp i år enn i fjor. Tilskot frå staten vil dekke ein del av meirforbruket.

Innan oppvekst er 2. tertial prega av avslutning og oppstart av barnehageåret. Ved avslutning av skuleåret vart det gjennomført overgangssamtalar frå barnehage til skule og frå barneskule til ungdomsskule slik at ein sikra god start for borna på nye arena.

Både skular og barnehagar har rekruttert lærarar, barnehagelærarar og assistentar/fagarbeidarar. Vi har i stor grad lukkast med å rekruttera kvalifisert personale. Vi erfarer at det er utfordrande å få tak i lærarar med kompetanse til å undervise på 1. – 7. årssteg, og då spesielt med kompetanse i byrjaropplæring og barnehagelærarar. Når det gjeld stillingar som barne- og ungdomsarbeidarar er situasjonen betre, noko som er særst positivt.

Dei siste to åra har skulane i Vaksdal tilsett nær 10 nyutdanna lærarar. Nyutdanna har rett på og behov for rettleiing dei første åra i praksis. Frå hausten 2019 har vi i tillegg til rettleiinga av nyutdanna ute på den enkelte skule starta eit kommunalt nettverk for alle nyttilsette nyutdanna lærarar. Utdanningsdirektoratet har ytt tilskot til rettleiinga.

I høve vidareutdanning for lærarar avslutta 3 lærara vidareutdanning juni 2019, medan 6 lærarar starta på vidareutdanning august 2019. I tillegg er 4 leiarar starta vidareutdanning knytt til leiarskap og fagfornyinga.

Barnehagane og skulane melder om ein god oppstart av nytt barnehage- og skuleår. I august starta det 198 born i barnehagane våre og i skulane starta det 474 elevar. Av desse elevane er det 5 som har skuleplass ved Mo skule i Modalen. I 1. klasse starta det 44 born i Vaksdal kommune, medan 50 starta på ungdomsskulen.

Årssteg	1.	2.	3.	4.	5.	6.	7.	8.	9.	10.	Samla
Vaksdal skule	12	12	11	10	19	17	29				110
Stanghelle skule	29	24	31	29	30	20	21				184
Dale ungdomsskule								49	47	39	135
Stamnes skule	2	3	4	0	7	10	6				32
Eksingedalen skule	1	1	0	0	1	1	1	1	2	0	8
Samla	44	40	46	39	57	48	57	50	49	39	469

Mål og måloppnåing

- *Ha gode prosessar i arbeid med, og oppstart av nybygging/rehabilitering av skulebygg*  
Dale barne- og ungdomsskule melder om gode prosessar i arbeidet med nytt skulebygg. Dette gjeld både sjølve byggeprosessen og innkjøp av inventar og utstyr mm. Ved Vaksdal skule har ein i perioden arbeida med teikningar av ny skule saman med arkitekt.
- *Auka kompetanse til dei tilsette om inkluderande oppvekst- og læringsmiljø i området*  
Oppvekst Barnehagane fortsett barnehagebasert kompetanseutvikling gjennom kompetansehevinga "Inkluderande barnehagemiljø. Skulane har fokus på at alle elevar høyrer til gjennom ulike tiltak som aldersblanda grupper, aktivitetsleiarar i friminutt og fellesarrangement.
- *Minst 55 % av dei som går ut av introduksjonsprogrammet skal over i ordinær utdanning eller arbeid.*  
Undervisninga ved VIS vert no gjennomført som grunnskule for vaksne slik at alle som er knytt til opplæring på VIS vil ha grunnskule når dei er ferdig. Dei som deltek i introduksjonsprogrammet har språkpraksis minst to dagar i veka. VIS samarbeider med NAV og bedrifter, både i og utanfor kommunen, om arbeidspraksis og kjennskap til norsk arbeidsliv.
- *Utarbeide Kommunedelplan Oppvekst*  
Det er utarbeida planprogram for kommunedel Oppvekst.

HMT:

Avdelingane innan Oppvekst arbeider med nærvær på arbeidsplassen der fokus er kor viktig den enkelte tilsette er for kvaliteten på tenesta. Medarbeidarundersøkinga viste gode resultat både i barnehage og skule. Stabilitet i personalet gjev tryggleik for born og unge. Tala viser at skule etter 2. tertial har lågare fråvær enn måltalet, med 4,7 % fråvær. Barnehage er høgare enn måltalet, med 14,3 %. Det er variasjon i sjukefråværet mellom dei ulike skulane og barnehagane. Det er særleg fokus på det høge fråværet i barnehagane.

## Barnehage

Eining t	Rekneskap 2	Budsjett 2	Avvik pr 2	Rekneskap 2	
	tertia 2019	tertia 2019	tertia 2019	Årsbudsjett 2019	tertia 2018
Barnehage og VIS	15 865 195	16 317 139	451 944	23 359 000	22 669 361

Barnehage og VIS har eit samla positivt avvik i underkant av 0,5 mill kroner. Integreringstilskotet til VIS bidrar til det positive avviket. Barnehagedelen har eit negativt avvik i drifta som skuldast høgare lønskostnadar grunna fleire born i barnehage enn forventa i budsjett. I budsjett ligg det til grunn eit barnetal på 65 % av barn i alderen 1-2 år i barnehage, medan opptak og oppstart viser at heile 77 % av 1-2 åringane starta hausten 2019. Det er òg ei lita auke med born i alderen 3-5 år. Auka prosenttal born er ei positiv utvikling for kommunen. Barnetalet og tal plassar går likevel noko ned på grunn av små årskull.

Det er noko reduksjon i drifta hausten 2019, men ikkje så mykje som forventa. Det har òg vore høgt sjukefråvær 1. og 2. kvartal 2019 og meir vikarbruk.

Vaksdal introsenter er budsjettert til å gå i 0, då statlege tilskotet skal dekkja utgifter og drift av introsenteret. I tillegg skal tilskotet dekkja kostnadar andre einingar og avdelingar har i høve auka drift/oppgåver ved busetting.

Ved oppstart av nytt barnehageår hadde vi tilsaman 202 born delt på 11 avdelingar i barnehagane.

Område	Tal avdelingar	Tal born	Tal plassar
Stanghelle	5	83	120
Vaksdal	3	60	70
Stamnes	1	13	14
Dale	2	42	42
<b>Samla</b>	<b>11</b>	<b>198</b>	<b>246</b>

### Mål og måloppnåing

- *I vår barnehage arbeider vi kontinuerleg og systematisk med å fremja eit trygt og inkluderande barnehage med å oppdaga, undersøkje og førebyggje alle formar for krenkingar.*

Barnehagane held fram med kompetansehevinga "Læringsmiljø og krenkinga" om inkluderande læringsmiljø. Programmet er i regi av Høgskulen Innlandet og det var oppstart for alle tilsette i august 2018. Alle avdelingane gjennomfører barnehagebasert kompetanseutvikling.

*Barnehagen nyttar digitale verktøy som eit viktig verkemiddel i det pedagogiske arbeidet og for at borna skal få erfaring med varierte metodar for leik, læring og oppleving.*

- Barnehagane gjer seg særleg nytte av programvare som er utvikla for barnehagealder. Det er særleg dei eldste borna som nyttar nettbrett og digitale tavler. I høve spesialpedagogiske er digitale verktøy nytta jamleg.

- *Gjennom barnesamtalar og foreldreundersøkingar legg barnehagen til rette for barn og føresette sin medverknad i utforming av tilbodet.*

Barnesamtalar og foreldreundersøking vil verta gjennomført i 3. tertial.

### Skule

Eining t	Rekneskap 2 tertia 2019	Budsjett 2 tertia 2019	Avvik pr 2 tertia 2019	Årsbudsjett 2019	Rekneskap 2 tertia 2018
Skule	40 639 383	38 342 617	-2 296 766	60 555 000	59 127 006

Skule og TBU har eit meirforbruk på om lag 2,3 mill pr 2. tertial. Både skule og TBU har negative avvik. Noko av avviket skuldast manglande refusjonar frå andre kommunar som ikkje er kome inn. Det er òg midlar som står på bundet fond som skal brukast i 2019, som ikkje er ført over i rekneskap. Eininga styrer mot balanse ved årsslutt.

### Mål og måloppnåing

- *Elevane våre opplever at dei høyrer til i eit positivt, variert og aktivt læringsfelleskap*

Skulane arbeider systematisk med aktivitet som fremjar læringsfelleskap. Dette skjer gjennom aldersblanda grupper, samarbeidslæring, tverrfaglege prosjekt og aktivitetsleiarar i friminutt.

- *Elevane skal møte lærarar som inkluderer digitale verktøy i opplæringa*

Skulane på Dale, Stamnes og Eksingedalen har ein klient/Chromebook til kvar elev, medan Vaksdal og Stanghelle har ei Chromebook til kvar elev på 5. – 7. årssteg. Digitale verktøy vert nytta uavhengig av fag og lærar. Grupper som har fått ein klient kvar på desse skulane nyttar digitale verktøy hyppigare og kvar dag. I samband med desentralisert kompetanseutvikling og partnerskap med Høgskulen på Vestlandet har lærarar frå Vaksdal utarbeida ei kursrekke for digitalisering og programmering retta mot realfag og arbeidslivsfag. På søknad om tilskot frå den teknologiske skulesekken har prosjektet har vi fått nær kr. 70 000,- til kjøp av blant anna 3D-skrivarar, robotar og 360-kamera til bruk for dei skulane som er med i desentralisert kompetanseutvikling.

- *Elevane opplever elevmedverknad knytt til dei pedagogiske satsingsområda på den enkelte skule*

Alle skulane arbeider med ulike metodar som skal fremje elevmedverknaden. Dette skjer gjennom tverrfaglege prosjekt, samarbeidslæring, vurdering for læring og digitale verktøy som fremjar elevmedverknad. Særleg elevar på 10. årssteg melder gjennom elevundersøkinga at dei får vera med å foreslå korleis dei skal arbeide med dei ulike faga.

## Tenesteområde helse og omsorg

Tenesteområdet har ei helse og omsorgseining. Eininga har avdelingar knytt til Helsehuset på Dale og på Ressurssenteret på Vaksdal. Legetenesta, fysio- og ergoterapi og rus og psykiatri inngår i eininga sitt ansvarsområde. Tenesteområdet utfører tenester i heile skalaen for tenesteyting og femner om alle alders- og diagnosegrupper. Målet er at den einskilde i størst mogleg grad kan meistra daglege gjeremål og oppleve deltaking, sjølvstende og livskvalitet.


Eining t	Rekneskap 2		Budsjett 2		Avvik pr 2	
	tertia 2019	tertia 2018	tertia 2019	tertia 2018	Årsbudsjett 2019	tertia 2018
Helse og omsorg	87 250 443	79 889 892	-7 360 551		112 264 000	88 651 809
Felleskostnader	2 083 477	2 430 237	346 760		3 714 000	874 582
<b>Totalsum</b>	<b>89 333 920</b>	<b>82 320 129</b>	<b>-7 013 791</b>		<b>115 978 000</b>	<b>89 526 391</b>

Ved utgangen av 2. tertial har tenesteområdet eit meirforbruk på 7 millionar. Meirkostnadane er i hovudsak løn. Hovuddelen er i heimetenesta og institusjonsplassar på Helsehuset. På institusjon er det brukt fleire plassar enn det som er budsjettet, gjennomsnittleg 2-3 plassar meir. Første halvår vart det i heimetenesta nytta rundt to stillingar meir enn budsjettet samt vikarbyrå i sjukepleievikariat ein ikkje fekk tilsett vikar i. Uteståande refusjonar vil betra botnlinja noko.

Det er igangsett tiltak for å redusera overforbruk. Alle innkjøp som ikkje er avgjerande for drift, er stoppa. Det same gjeld kurs/kompetanseheving som ikkje er igangsett eller planlagt. Stillingar/delar av stillingar som kan holdast vakant, vert holdne vakant. Det vert jobba med rekruttering for å redusera utgifter til vikarbyrå. Tilpassing av turnus vert gjort, og det har gitt effekt på nokon grupper. Ved tilpassing av turnus vert mogelegheita for oppaue av stilling alltid vurdert.

Tal utskrivingsklare meldt frå sjukehus har store variasjonar i løpet av året, og vanlegvis er det fleire i vinterhalvåret enn om sommaren. I forhold til folketal har Vaksdal mange utskrivingsklare pasientar som treng tenester. Det har samanheng med høg alder i befolkninga og mange av dei eldste eldre over 80 år. Utfordringar innan folkehelse og mange personar med kroniske sjukdomar samt høgt tal personskader som fører til sjukehusinnlegging, gir også auke i tal utskrivingsklare. Kommunal betaling for utskrivingsklare som ligg over på sjukehus, er utvida til også å gjelda innan rus og psykiatri. Tidlegare gjaldt denne ordninga berre ved utskriving frå somatiske avdelingar.

### Tal utskrivingsklare pr. mnd 2016, 2017, 2018 og 1. og 2. tertial 2019:



Helse og omsorg er inne i ein periode med tilpassingar og endringar samstundes som budsjettramma vert merkbar redusert. Det fører til auka krav om effektivitet. Pasientane får kortare liggjetid på sjukehus, og tal senger i sjukehus er redusert. Dette gjeld også for rehabilitering og psykiatri, og det medfører at oppgåver og pasientar vert forskyvd frå spesialisthelsetenesta over til kommunane.

Det vert jobba med tiltak og tilpassing for å få effektiv drift i eininga og for å få på plass tilbod som bidreg til at brukarar kan meistra dagleglivet og bu heime så lenge som råd med rett tenestnivå. Nokre slike tiltak er på plass, men me treng eit større spekter av dei. Det tek tid å tilpassa tenestetilbod, og det krev kompetanseheving og utvikling av nye metodar innan tilrettelegging, bruk av hjelpemiddel og teknologi, opptrening og rehabilitering. Dette er i tråd med presiseringar frå Helse- og omsorgsdep. om at rehabiliteringspotensialet alltid skal utgreiast før kompenserte tiltak og tenester vert tildelt. Tverrfaglegheit og tilgang til personell med rehabiliteringskompetanse er styrka på korttidsavdelinga og i heimebaserte tenester. Godt samarbeid på tvers av avdelingar og eksternt med helseforetak og andre kommunar krevst for å sikra gode tenestetilbod og samanhengande pasientforløp.

Prosjektprogrammet «Lev Vel i Vaksdal»: aktivitetar og framdrift er i tråd med målsetning og lokale styringsdokument som Kommunedelplan helse og omsorg og Handlingsprogram/økonomiplan samt sentrale føringar og styringsdokument og nasjonale satsingsområde (sjå vedlagde aktivitetsoversikt).

Tildelte tilskot frå Fylkesmann og Helsedirektorat i 2019: kr. 600.000 til styrking av rehabiliteringsfeltet, kr. 660.000 til styrking av kommunal rusomsorg, kr. 412.110 til dagavdeling for personar med demens og kr. 551 000 til kompetanseheving (desentralisert sjukepleie og vidareutdanning).

#### Bruk av vikarbyrå 1. og 2. tertial 2019:

Månad	Sum
Januar	72 125,11
Februar	147 632,40
Mars	167 932,94
April	434 236,44
Mai	341 540,11
Sommaren	2 336 083,32
<b>Totalt</b>	<b>3 499 550,52</b>
Forbruk 2018	5 525 747,00

Fakturaer for desember 2018 vart attendeført til rett årstal. Det er derfor endring i tabellen frå 1. tertialrapport. I 1. tertial hadde me periodevis behov for ekstra nattevakt. Me har heile året hatt ei ledig nattstilling på Vaksdal. Denne vert det truleg rekruttert til i 3. tertial. Delar av 2. tertial har det også stått ledig nattstilling på Helsehuset. Me erfarar at det er vanskeleg å rekruttera til nattstillingar og vikariat for sjukepleiarar og høgskuleutdanna. Det vert jobba godt med å redusera kostnader til vikarbyrå. Forbruket vart redusert frå 2017 til 2018, og me styrer mot ytterlegare

reduksjon i år. Kostnaden for dei tre sommarmånadane er nesten 1 million lågare i 2019 enn i 2018.

#### Mål og måloppnåing

Mål	Tiltak	Status
Brukarundersøking skal gjennomførast på avdelingane i samsvar med årshjul.	Brukarundersøkingar på avdelingane og eventuelt knytt til utviklingsarbeid og delprosjekt under «Lev Vel i Vaksdal».	Det er ikkje gjennomført brukarundersøking på avdelingane. Brukarar og pårørande har gitt innspel gjennom møte/ grupper og fokusgruppeintervju.
Brukarmedverknad på system – / tenestnivå skal nyttast i forbetningsarbeidet.	Gjennom samarbeid med kommunale råd og Brukarutvalet for institusjonane. Brukarrepresentantar i prosjektgruppa og arbeidsgrupper under «Lev Vel i Vaksdal». Referansegruppe og intervju knytt til forskingsprosjektet «MedvirkDem».	Kommunale råd, Brukarutvalet, prosjektgruppa og arbeidsgrupper har hatt møte etter oppsett plan. Referansegruppa har hatt møte i 1. tertial, og det er planlagt nytt møte i 3. tertial. Fokusgruppeintervju er gjennomført i 2. tertial.
Pårørandemøte og informasjonsmøte skal gjennomførast i samsvar med årshjul.	Pårørandemøte for personar som har langtids plass på institusjon. Informasjonsmøte for personar med demens og deira pårørande.	Pårørandemøte på institusjonane vart gjennomført i 1. tertial.

Gjennom samarbeid med frivilligsentral og andre frivillige etablera gode tilbud som fremjar deltaking og meistring for brukarar og innbyggjarar.	Samarbeid med Frivilligsentralen, Røde Kors omsorg og andre. Aktivitetsvenn, Friskus, Livsgledebarnehagar.	Fleire gode tiltak er etablert eller vidareført. Vert jobba vidare med Aktivitetsvenn og Friskus. Ordninga med Livsgledebarnehagar fungerer svært godt.
I samsvar med framdrift i Vestlandsprosjektet skal ein ta i bruk teknologi som gir auka trygghet, meistring og deltaking for minimum 30 brukarar.	Opplæring, anskaffing og implementering.	1.tertial: etablert kontakt med leverandør og informasjonsmøte. 2. tertial: opplæring knytt til produkt. Anskaffing og utskifting av tryggleiksalarmar har starta.
Implementera årshjul for kvalitetsvurdering og forbetring og ta i bruk nye verktøy/metodar.	Gjennomføra «I brukaren sitt fotspor» og slutføra arbeid med årshjul.	Gjennomføring av «I brukaren sitt fotspor» er avtala i september.
Det skal gjennomførast pårørandemøte for personar med demens.	Arrangera pårørandemøte.	Informasjonsmøte knytt til personar med demens og deira pårørande vert gjennomført til hausten.
Det skal leggst til rette for minst eit kurs/ein møteplass for personar med demens.	Dagsenter på ressurscenteret.	Under planlegging. Sjøast i samanheng med arbeidet i MedvirkDem.
Minimum 5 personar skal rekrutterast som besøksven for personar med demens.	Rekruttera besøksvenner og brukarar som ønskjer aktivitetsvenn.	Frivillige er rekruttert, men det har vore vanskeleg å rekruttera brukarar som ønskjer aktivitetsvenn. Har hatt 2 koblingar.
Fagutviklingsprogrammet «Demensomsorgens ABC» skal gjennomførast etter plan.	Fellessamlingar med Utviklingssenteret. Gruppesamlingar i kommunen.	Vert gjennomført som planlagt. Ny gruppe med tilsette har starta opp, så to grupper er i gang.
Minimum to grupper knytt til kvardagsmeistring skal etablerast i løpet av året.	Kartleggja trøng for grupper, planleggja, starta og evaluera gruppene.	Grupper er starta, m.a. treningsgruppe/gågruppe med fysioterapeut/ergoterapeut.
Rus – og psykiatritenesta skal utvikla gruppetilbod der tverrfagleg samarbeid inngår.	Tverrfagleg samarbeid med andre tenester i helse og omsorg, m.a. fysioterapi og ergoterapi.	Gruppetilbod er starta.
Metode for førebyggjande heimebesøk/tidleg innsats skal utviklast jamfør styringsdokument.	Arbeidsgruppe som skal jobba med tema. Innhenting av informasjon frå andre kommunar og frå forskning/kompetansemiljø.	Tverrfagleg arbeidsgruppe jobbar med planlegging og informasjonsinnhenting.
Elvavegen skal gjennomføra kompetanseutv.program for tilsette.	Gjennomføra «Mitt livs ABC». Delta på fellessamlingar og gruppesamlingar.	Tilsette i Elvavegen deltek i «Mitt livs ABC» saman med tilsette frå sjukeheim, skule og AO-senter.
Elvavegen skal ta initiativ til formalisert samarbeid med frivilligheita i kommunen.	Kontakt og samarbeid med frivillige. Nytt Friskus som plattform.	Friskus vert nytta og skal vidareutviklast. Samarbeidsmøte er planlagt i 3. tertial.

## Tenesteområde Samfunnsutvikling

Tenesteområdet samlar ulike fagmiljø som saman er viktig for folkevekst, næringsutvikling og entreprenørskap, omdømme og identitet.

Tenesteområde har eininga Samfunnsutvikling, i tillegg finn ein funksjonar og tilskot under felleskostnader som tilhøyrrer dette område. Stimuleringsmidler til bustader og etablering, tilskot til arbeid med næringsutvikling gjennom Vaksdal Næringssekskap AS kr, medlemskap og samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd vedkomande badeplasser mv. og tilskot til ulike aktiviteter i ulike stader i kommunen.

Folketalsauke er ei hovudmålsetjing for kommunen og ligg til grunn for arbeidet med bustadutvikling, næringsutvikling og tenesteutvikling i kommunen fram mot 2040. Mål og satsingar i året er aktiv deltaking i viktige prosessar som påverkar vår utvikling i framtida:

- godt samarbeid med innbyggjarar og frivillige lag og organisasjonar,
- god styring av kommunale utbyggingsprosjekt,
- utarbeiding av områdeplanar for utvikling av Vaksdal og Stanghelle.

Ansvar for gjennomføring av utbyggingsprosjekt er i all hovudsak lagt til Samfunnsutvikling. Dette vil krevje svært mykje av organisasjonen med omsyn til ressursbruk og styring av prosjekta. Ny kommunalsjef for samfunnsutvikling tok til i stillinga i mars.



Område	Mål	Titak	Status
Arbeidsmiljø	Godt arbeidsmiljø og sjukefråver under 7%	Tydelege mål og verdigrunnlag, merverknad og tilrettelegging	Sjukefråveret 2.kvartal er 1,6 % mot 6,5% i 2018
Brannvern	Alle brannmannskap og uttrykingsleiarar skal ha lovpålagt utdanning	Kurs i samarbeid med Bergen Brannvesen	Opplæring er i gang for alle mannskaper og rekrutter
Kommunale bygg	Arealeffektiv og trygg bygningsmasse	Vedlikehaldsplan utleigebygg Rehabilitering av 4 utleigebustadar Avhending av bygg	I oppstart Rehabiliteringsarbeid pågår Vurderer avhending
Landbruk	Vedtak overordna planer	Kommunal SMIL strategi Hjorteforvaltningsplan	Saker behandla
Reinhold	Arbeide systematisk med HMT	Fornye maskinparken og metoder	I innkjøp nye maskiner til reinhold
Kultur	Fleire unge med i UKM	Dialog med skulane om rekruttering til musikkskulen	Plan for rekrutteringsproses, deltaking UKM i 2019

### Økonomi

Eining t	Rekneskap 2	Budsjett 2	Avvik pr 2	Årsbudsjett	Rekneskap 2
	tertia 2019	tertia 2019	tertia 2019	2019	tertia 2018
Samfunnsutvikling	28 631 288	27 373 664	-1 257 624	42 370 000	27 320 989
<b>Totalsum</b>	<b>28 631 288</b>	<b>27 373 664</b>	<b>-1 257 624</b>	<b>42 370 000</b>	<b>27 320 989</b>

Eininga har eit større periodiseringsavvik pr 2.mai knytt til refusjonar, tilskot og fordeling av kostnader. Det er venta balanse ved årsslutt.

## Felles økonomi

Sentraliserte støttefunksjonar, politisk og administrativ styring og alle tilskot til andre vert ført her, det same gjeld premieavvik og amortisering av tidlegare års premieavvik.

Her finn ein kostnader som er felles for heile kommunen som politisk styring og revisjon, ymse overføringar og tilskot, rådmann, stab og støttefunksjonar som t.d. økonomi , HR, IKT , skatteoppkrevar, post/arkiv, Innbyggarservice, sakshandsaming og ymse felleskostnader som bedriftshelseteneste, forsikringar, kontigentar, medlemskap, kjøp frå andre kommunar eller private mv.

Eining t	Rekneskap 2 Budsjett 2		Avvik pr 2	Rekneskap 2	
	tertia 2019	tertia 2019	tertia 2019	Årsbudsjett 2019	tertia 2018
Felleskostnader	21 127 167	21 743 831	616 664	22 240 000	31 919 677
<b>Totalsum</b>	<b>21 127 167</b>	<b>21 743 831</b>	<b>616 664</b>	<b>22 240 000</b>	<b>31 919 677</b>

Budsjettet er venta å gå i balanse ved årsslutt. Kapasitet og sårbarheit er ei driftsmessig utfordring i stab og støttefunksjonane. Det vert utgreidd meir samarbeid med andre kommunar for å redusere risikoen i viktige funksjonar.

### Mål og måloppnåing

Store oppgåver i året vil utfordre kapasiteten og i periodar redusere andre oppgåver :

- ny alminneleg taksering av alle eigedomar
- valavvikling
- medarbeidarundersøking

Gjennom eit samarbeidsprosjekt med kommunar i Nordhordland vil vi følge opp og ta i bruk funksjonar i økonomisystemet som kan effektivisere prosessar og gje betre styring. Prosjektet er tenkt starta opp i slutten av 2019 men vil få best utnytting i 2020.

Medarbeidarundersøkinga er gjennomført i samsvar med plan. Det er gjennomført samling og verkstad med arbeidsmiljøgruppene. Arbeid med rapport, oppfølging og handlingsplaner er pågåande. Arbeidsmiljøutvalet vil få rapport og handlingsplanar til behandling i haust.

Det vert arbeida med å vidareutvikle kommunikasjon og service og jobbe med Klart språk. I haust starter ei internt prosjekt etter modell frå Klart språk. Det er lagt til grunn at leiar for politisk sekretariat skal ha oppgåver knytt til kommunikasjon saman med Innbyggarservice.

Innan arkiv er det kome nye og større lovkrav som kommunane må tilpasse seg. Vaksdal har eit større arbeid framfor seg som vil kreve meir ressursar både på kort og lang sikt. Mest mogeleg vert gjort i samarbeid med interkommunalt arkiv og samarbeid med kommunane i Nordhordland. Lokalt må kommunen styrke arkivfunksjonen ressursmessig for å dekke lovkrava og sikre arkiva i vår digitale utvikling.

Leiarane på rådmannsnivå/stab har hovudansvar for utviklingsarbeid og digitalisering. Arbeidet pågår for fullt og involverer heile organisasjonen. Kommunen deltar aktivt i samarbeid med andre kommunar (IKTNH) og i det regionale prosjektet som Bergen leiar (DigiHordaland).



## Vedlegg 2. Saker til Kommunestyre pr. 1.tertial

Møtedato	Saksnr	Sakstittel	Status
21.01.2019	01/2019	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE	-
21.01.2019	02/2019	GODKJENNING AV MØTEBOK	-
21.01.2019	03/2019	RAPPORT ETTER FORVALTNINGSREVISJON OM SAKSFØREBUING OG OFFENTLEG SAKSHANDSAMING	Plan for oppfølging kjem til behandling
21.01.2019	04/2019	TILSETJING AV RÅDMANN	ok
11.02.2019	05/2019	TETTANESSET - AVTALE OM KJØP AV TOMT FOR UTBYGGING	ok
04.03.2019	06/2019	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE	-
04.03.2019	07/2019	GODKJENNING AV MØTEBOK	-
04.03.2019	08/2019	REFERATSAKER OG MELDINGAR	ok
04.03.2019	09/2019	NOU 2018:16 DET VIKTIGSTE FØRST - ORIENTERINGSSAK	-
04.03.2019	10/2019	ÅRSMELDING KONTROLLUTVALET 2018	ok
04.03.2019	11/2019	FORELDREBETALING I SFO	ok
04.03.2019	12/2019	LØYPEMELDING - UTGREIING AV INTERKOMMUNALT SAMARBEID MED KOMMUNAR I NORDHORDLAND - ORIENTERINGSSAK	ok
04.03.2019	13/2019	INTERPELLASJON FRÅ TOM CHARLES JOHNSEN - ETABLERING AV LANDSTRØM FOR FARTØY PÅ VAKSDAL MØLLE	Følges opp
04.03.2019	14/2019	INTERPELLASJON FRÅ TOM CHARLES JOHNSEN - RESIRKULERING AV BOSS OG AVFALL PÅ OFFENTLIGE BYGG OG I PRIVAT NÆRINGSVIRKSOMHET I VAKSDAL	Ved ny avtale
04.03.2019	15/2019	INTERPELLASJON FRÅ TOM CHARLES JOHNSEN - UTSLEPP OG VANNKVALITET I SØRFJORDEN OG VEAFJORDEN	Rapporter til K. Inv.midler i øk.plan
08.04.2019	16/2019	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE	-
08.04.2019	17/2019	GODKJENNING AV MØTEBOK	-
08.04.2019	18/2019	REFERATSAKER OG MELDINGAR	ok
08.04.2019	19/2019	BRUKARBETALING OMSORG PLUSS	ok
08.04.2019	20/2019	OPPVEKSTTUN STAMNES	Utsatt til K
08.04.2019	21/2019	VAKSDAL SKULE - BYGGPROGRAM OG KOSTNADSRAMME	ok
08.04.2019	22/2019	NY ALMINNELEG TAKSERING FOR EIGEDOMSSKATT	ok
08.04.2019	23/2019	INTERPELLASJON FRÅ TOM CHARLES JOHNSEN - TILKNYTING TIL LYNTOGFORUM VESTLANDSBANEN OVER HAUKELI	-
08.04.2019	24/2019	INTERPELLASJON FRÅ KJARTAN HAUGSNES - KAN VAKSDAL VERTE EIN «HVITE BUSSE» - KOMMUNE?	Sak juni
17.06.2019	25/2019	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE	-
17.06.2019	26/2019	GODKJENNING AV MØTEBOK	-
17.06.2019	27/2019	REFERATSAKER OG MELDINGAR	Ok
17.06.2019	28/2019	BRANNORDNING I VAKSDAL KOMMUNE	Ok
17.06.2019	29/2019	JUSTERING AV BOMPENGESATSANE I VOSSAPAKKEN	Ok
17.06.2019	30/2019	DETALJREGULERING FOR KOLLEKTIVTERMINAL I DALE SENTRUM, PLANID 2018002	Overført fylkeskommunen
17.06.2019	31/2019	PLANPROGRAM FOR OMRÅDEPLAN STANGHELLE, PLANID 2016002	Planarbeid pågår
17.06.2019	32/2019	PLANPROGRAM FOR OMRÅDEPLAN VAKSDAL PLANID 2016001	Planarbeid pågår
17.06.2019	33/2019	NY KOMMUNAL TILTAKSSTRATEGI FOR SPESIELLE MILJØTILTAK I JORDBRUKET" (SMIL), 2019 - 2022	Ok
17.06.2019	34/2019	TEMAPLAN FOR HJORTEFORVALTNING I VAKSDAL KOMMUNE, MED KOMMUNALE MÅL, 2019 - 2023.	Ok
17.06.2019	35/2019	KRAV OM VILKÅRSREVISJON FOR MODALSVASSDRAGET, EKSINGEDALSVASSDRAGET, TEIGDALSVASSDRAGET OG BERGSDALSVASSDRAGET MED TORFINNSVATNET	Sendt NVE
17.06.2019	36/2019	BIR - UTTALE TIL UTBYGGING AV BOSSNETT UTANFOR BERGEN SENTRUM OG KONKURRANSEUTSETTING AV INNSAMLING AV AVFALL	ok

Møtedato	Saksnr	Sakstittel	Status
17.06.2019	37/2019	BYGG FOR HELSE OG OMSORG - VAL AV ALTERNATIV FOR VIDARE UTGREIING I FORPROSJEKT	Under arbeid
17.06.2019	38/2019	ETABLERING AV VIKARPOOL/VIKARORDNING I HELSE OG OMSORG	Under arbeid
17.06.2019	39/2019	AO-SENTERET KF - VURDERING AV FRAMTIDIG ORGANISERING/SELSKAPSFORM	Ok
17.06.2019	40/2019	FLYTTING AV DAGSENTERET FRÅ AO-SENTERET TIL HELSE OG OMSORG	Under arbeid
17.06.2019	41/2019	UTGREIING STAMNES OPPVEKSTTUN MED JUSTERT AREALPROGRAM OG KOSTNADSRAMME INNANFOR RAMMEAVTALAR	Under arbeid
17.06.2019	42/2019	UTVIDA OPNINGSTID I SFO VED SKULANE I VAKSDAL	Ok
17.06.2019	43/2019	SKULETUR MED «HVITE BUSSE» ELLER TILSVARANDE TUOPERATØR MED SAME FØREMÅL	Ok
17.06.2019	44/2019	SØKNAD OM UTESERVERING AV ALKOHOL FRÅ ELVAHUSET DRIFT A/S	ok
17.06.2019	45/2019	NY SELSKAPSAVTALE FOR INTERKOMMUNALT ARKIV I HORDALAND IKS FRÅ 2020	ok
17.06.2019	46/2019	UTVIDING AV IKTNH - GODKJENNING AV SAMARBEIDSAVTALE	OK
17.06.2019	47/2019	VALLØFTET 2019	
17.06.2019	48/2019	FINANSREGLEMENT FOR VAKSDAL KOMMUNE	Ok
17.06.2019	49/2019	ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2018 FOR VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS- OG OPPLÆRINGSENTER KF	Ok
17.06.2019	50/2019	ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNE 2018	Ok
17.06.2019	51/2019	TERTIALRAPPORTERING 1 - 2019	Ok
17.06.2019	52/2019	HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2020 -2023	Ok

## Vedlegg 3. Andre vedlegg

Prosjektrapport Lev Vel i Vaksdal – status pr 2. tertial 2019

Rapport aksjar og obligasjonar – pr 31.08.2019

Rapport gjeldsporteføljen – pr 31.08.2019